**Statens vegvesen**

Raymond Vabø
Seimstranda 205
5912 SEIM

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Region vest | Kari Elster Moen / 55516115 | 16/21523-4 | | 29.03.2016 |

## Løyve til utvida bruk av avkøyrsel – fylkesveg 401 – gnr. 173 bnr. 42 – Seimsstranda 205 – Seim – Lindås kommune

Vi viser til melding om ferdigstilt avkøyrsel sendt oss 4.2.16, 10.2.16. og 23.2.16. Vi viser og til vårt brev med uttale til avkøyrsel datert 21.01.2013. Vi var på synfaring på staden 21.3.16.

**Vedtak:**
Statens vegvesen godkjenner på vilkår søknaden om avkøyrsle frå fylkesveg 401 (hp 1 ved km 2,017) til eigedomen gnr. 173 bnr. 42. Vedtaket er gjort med heimel i veglova §§ 40 og 43.

Løyvet er gjeve i samsvar med *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg* fastsett av Vegdirektoratet 16.7.1964 og *Forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg* fastsett av Samferdselsdepartementet 26.2.1982.

**Vilkår for løyvet:**
Etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn set Statens vegvesen følgjande vilkår for løyvet:

1. Løyvet gjeld kun for den staden som er nemnt ovanfor og i samsvar med kart vedlagt søknaden (merka med 01-01-2015) der sikta frå 4 meter inn i avkøyrsla er 45 meter i begge retningar.

2. Dette løyvet gjeld berre for tilkomst til bustad på gnr. 173 bnr. 94.

3. Eigaren eller brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt og andre krav til avkøyrsla til ei kvar tid er oppfylt jf. veglova § 43. Dersom ikkje dette skjer, kan avkøyrsleløyvet bli trekt tilbake.


Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030

firmapost@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø

4. Løyvet gjeld kun tilknytingspunktet til fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve, til dømes nabo- og eigedomstilhøve, må søkaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Dette gjeld til dømes opparbeiding, bruk og vedlikehald av avkøyrsle, frisiktsoner og tilkomstveg. Slike rettar bør tinglysast.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Kari Elster Moen
overingeniør

Kopi
Camilla Nottveit og Christer Haukås Vabø, Seimsstranda 205 A, 5912 SEIM
Halvard Rydland, Seimsstranda 207, 5912 SEIM
Inge Hermann Rydland, Seimsstranda 209 A, B og C, 5912 SEIM
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*